

# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

73. ÅRG. / NR. 4 - 2019

*God  
jule!*



**Min salme Bjørn Knutsen**  
Side 4

**Reisebrev frå Israel**  
Side 8-9

**Ny heimeside: [www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)**

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: br233@kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: eb447@kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: fk796@kyrkja.no

**Trusopplærar Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: ka263@kyrkja.no

**Organist Ruben S. Gjertsen**

Mobil: 92 45 20 98

E-post: rg794@kyrkja.no

**Organist Anton Proskurnin**

Mobil: 48 23 29 77

E-post: ap244@kyrkja.no

**Vaktmeister Ottar Dalseid**

Mobil: 97 67 46 16

E-post: od622@kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

# Men kva med Advent då?

Me ventar på noko, men kva ventar me på? Me er i kalde og mørke Desember. Jula ligg der framme som eit lysande høgedepunkt, ei høgtid med stor H. For daglegvarehandelen og andre butikkar er ventetida over for lenge sidan. Julebrus, kakemenn og pepperkakedeig er til salgs. Dei begynner så tidlig med dette, at julemennene går ut på dato før jul. Kanskje julestemning i oktober er litt for mykje og be om, ein treng ikkje verta lei av jula før ho har begynt. So kjem dei på rekke og rad. Nattopne butikkar, Black Friday, Cyber Monday, og sikkert mykje som eg ikkje har fått med meg.

Men det var dette med Advent då. Advent er kanskje den gløynte «oppvarminga» til Jul. Når eg var liten hadde me ein adventskalendrar, der me opna ei luke kvar dag. I denne luka la me nokre kroner. Den 24. Desember kunne me tella opp pengane. Eg hugsar ikkje kor mykje det var, eller kva pengane gjekk til. Eg seier ikkje at det er noko galt med sjokoladecalendrar, men kanskje ein kalender der ein gjev noko, gjer oss eit litt anna perspektiv.

For når jula er over, kvardagen byrgjar i Januar. Me har bytta dei gåvene me tross alt ikkje trong, juletreet er ute av huset, peparkakene er vekke, me takkar Gud for at me slepp å ete meir pinnekjøtt, ribbe og lutefisk, og all julepynten står på loftet. Kva då, kva sit me igjen med? Eller kva vil du sitte igjen med?

Eg vil sitte igjen med minner om tid med familien, julegudsteneste, og 2-3 julekilo eg kan trene vekk i Januar. Eg vil også sitte igjen med følelsen av ei fredfull adventstid. Det er mogleg at dette er litt for mykje å forlanga, men eg skal prøve.

Kanskje du vil sitte igjen med heilt andre ting, og det er flott. Men finn deg noko som er viktig for deg, i denne tida me går inn i Med ynskjer om ei fredfull adventstid, og ei god jul i vente.

**Bjart-Magnus N Rosvold***Kyrkjeverje***Fellesrådsleiar:**

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

**Soknerådsleiarar:**

Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke,

tlf. 91 34 03 64

Dale: Brith Kydland,

tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Bjørg Lavik,

tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim,

tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet,

tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale,

tlf. 99 26 81 28

**Den norske kyrkja si heimeside:**[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Bjørgvin bispedømme****si heimeside:**[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR****VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese

Tlf. 46 63 09 33

**Retur til:** Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 9. mars.**



# *Ei krubbe for vår tid*

*Av fungerande biskop, domprost Gudmund Waaler*

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

Og finner du ham i krybbens hø / som hyrder så, som hyrder så, / da eier du nok til freidig å dø / og leve på, og leve på.

*(Jonas Dahl)*



# Min salme

**Per Småbrekke vart i sist nummer av Kyrkjebladet utfordra til å skriva om sin salme:**

Salmeboka er full av vakre salmar. Då eg sjølv er glad i å syngja, så dukkar det ofte opp ei songstrofe som eg går og nynnar på. Norsk salmebok frå 2013 har fått med mange nyare fine salmar, men salmen eg har valt er ein gamal salme skriven av Elen Opdal Bernhoft omkring år 1700. Den har berre eit vers, men likevel eit svært rikt innhald. Bernt Støylen har omsett salmen til nynorsk i 1906, og eg synest det er ei svært god omsetjing.

Salmen er ei bøn der ein inviterer Jesus inn i livet, i tankar og livsferd, og der ein tillitsfull kan få kvila i hans omsorg, også når livet går mot kveld. Salmen har ein god melodi som er lett å syngja og dermed også lett å hugsa.

Eg lærde salmen på folkeskulen, og sidan har den fylgt meg heile livet.

Eg var så heldig å fekk ha Helga Ytre-Arne til lærar (dengongen: lærarinne) i mange skuleår. Ho formidla ei songglede som sette spor. Eg hugsar me song både ved skulestart om morgonen, og når dagen var slutt. Og det stod song på timeplanen ein gong i veka. Denne salmen var nok pensum og måtte puggast. Det er eg svært glad for i dag.

*(Nr 602 i Norsk salmebok 1985*

*Tekst: Elen Opdal Bernhoft (bm)*

*Omsetjing: Bernt Støylen*

*Melodi: Hjä J. A. Freylinghausen)*

Jesus, styr du mine tankar,  
Jesus, lei meg med di hand,  
så kvar eg i varda vankar,  
eit Guds barn eg vera kan,  
så kvar stund du meg vil gjeva,  
eg kan kvila i din famn!  
lat med Gud til ære leva,  
og så døy i Jesu namn.

***Per utfordrarHerborg Holt Lid i***

***Bergsdalen til å skrive om sin salme i neste nr. av Kyrkjebladet.***

# *Konsertar i adventstida*

I adventstida er det mange konsertar i kyrkjene våre. Det vil kome endringar og tillegg, så følg med på plakatar, annonsar og Facebook.

## **Søndag 1. desember**

Stamnes kyrkje kl. 16.00: Adventskonsert og lysmesse med Blanke Messingen, Dale Mannskor, Stamnes barnekor og konfirmantane.

## **Laurdag 7. desember**

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Adventskonsert.

## **Tysdag 10. desember**

Førjulskonsert med barnehagane på Dale og Stanghelle og Hege Eide Vik.

## **Onsdag 11. desember**

Dale kyrkje kl. 18.00: Kulturskulen sin julekonsert.

## **Laurdag 14. desember**

Dale kyrkje kl. 18.00: Adventskonsert med Dale Musikkforening, Vaksdal Barne- og Ungdomskorps, Blanke Messingen og Kilden.

## **Søndag 15. desember**

Nesheim kyrkje kl. 15.00: Adventskonsert med Hanna Gullbrå, Svein Tollefsen og Ruben Gjertsen.

## **Tysdag 17. desember**

Vaksdal kyrkje kl. 20.00: Jolakonsert med VossaGospel..





# Klokkar med klokkeklår tru

Du skal nok ikkje ha snakka så mykje med Bjørn Knutsen (73) før du oppdagar gleda og takksemda han har over å få vere ein kristen.

Han snakkar med frimod, men gjerne lågmælt, om kven han trur på. Og kor mykje han ynskjer at andre og skal få bli kjent med og kome til tru på Jesus. I desse dagar har han vore klokkar i Vaksdal kyrkje i 31 år.

## Jobb

- Det var Kjell Arne Norum som spurte meg om å vere klokkar i Vaksdal kyrkje, seier Bjørn. Han trekkjer fram lysmesse- ne med konfirmantane når me spør etter gode minner frå jobben som klokkar.

- Då tenner konfirmantane lys og les profetiar frå Det gamle testamentet. Dei peiker framover mot Jesus, og det som vart profetert det skjedde. Det er jo fantastisk!

- Blant arbeidsoppgåvene er å hengje opp plakatar om gudstene- sta, samt å kjøpe inn blommar til altaret, fortel han vidare.

- Når eg kjem i kyrkja skal altaret dekkjast, og andre praktiske ting skal leggjast til rette saman med kyrkjetenaren. I gudstene- sta les eg som oftast Bibeltekstane og kunngjeringa- ne, og somme gonger assisterer eg presten under nattverden.

Arbeidsplassen - utanom i kyrkja - var i alle år på Vaksdal Mølle, med unnatak av nokre år på yrkesskulen på Festtangen i Arna. 46 år vart det på «mylnæ», dei fleste i poseavdelinga. Bjørn vart pensjonist for ti år sidan.

- Til jul fekk eg ha juleandakt på ei samling me hadde då, og då las eg juleevangeliet for dei, fortel han.

*Gjekk du i kyrkja før det vart ein jobb?*

- Ja. Trua har fylgd meg sidan barndomen. Eg er blitt fortalt at eg som liten gut kom heim til mora mi med ein bukett



kvitveis, der den eine av dei var høgare enn dei andre. «Det er Jesus som talar til dei andre» skal eg ha sagt då. - Då eg var liten gjekk eg på søndagsskule i kyrkja. Og eg gjekk i Taberna- kelet. Der var det to flinke da- mer, Rigmor og Olga, som dreiv barnearbeid med samling kvar veke. Der kom det mange born, men dei to damene var gode til å hanske med oss. Somme gon- ger var og Annemor og Trygve Urhaug med, og han spela då trekkspel. Elles vart det spela gitar og mandolin då me skul- le syngje, og det er mange som fekk høve til å lære å spele dei instrumenta der. Bjørn fortel at han gjekk på barneforeininga der fram til han kom i konfir- masjonsalderen.

## Bedehus og kyrkje

Bjørn er og aktiv i bedehuset på Vaksdal, og har tidlegare vore styremedlem i indremisjons- styret. Han er og med i det ny- valte soknerådet på Vaksdal,

slik han og var i førre periode. I desse dagane har fireåringa- ne på Vaksdal møtte han på samlingane soknerådet har ar- rangert for dei etter at dei fekk 4-årsboka. Bjørn er ofte med når konfirmantane får mat på samlingane sine eller når det skal lagast til juleverkstad for borna, for å nemne noko av det han er med på. Han er og med når soknerådet skipar til Tårnagenthelg ein gong i året. Bjørn trekkjer fram ei forteljing han vart kjend med i samband med ei Tårnagenthelg: Ein fam- ilie sat og åt pizza ein laur- dagskveld, då dottera ville ha «ord for dagen». Og ordet fann ho på ketchupflaska: IDUN. Ingen Dag Utan Nåde!

## Hobbyar

Nokre hobbyar vert det og tid til



*Trua har fylgd meg sidan barndomen.*

for Bjørn. Han likar å gå i fjellet, og har ofte kamera med seg når han er ute å tur.

- Eg likar best å ta naturbilete, men tek gjerne og portrettbilete. Opp gjennom åra har han og han og teke mange bilete til bruk i Kyrkjebladet. Hagearbeid er og ein kjær hobby, og særleg likar han å halde på med rodo- dendronbuskane. - Dei likar eg å klyppe og stelle så dei skal vekse tette og fine.

## Jul

*Kva planar har du for jula?*

- Då skal eg anten vere hos dot- tera eller sonen, det er ikkje heil bestemt ennå. - Det er viktig å finne roa i jula, meiner Bjørn. Det blir lett oppkava og mykje som skal skje. Og det me feirar jula for har lett for å kome i bak- grunnen.

Og han deler med oss nokre vers frå ein julesong han er blitt glad i; Anita Skorgan si omset- jing av Mary's boychild:

Maria fikk eit guttebarn,  
Hun visste hvem det var.  
For i en drøm kom engelen  
med bud fra guttens far.

I en stall i Betlehem  
kom Sønnen til vår jord.  
Nå lever han i hjertene  
til de som ennå tror.

Han kom hit ned til menneskene.  
Han fortalte om et sted  
der ingen trenger lide mer,  
og alle finner fred.

**Tekst/bilete:**  
**Frode Kvamsøe**

**Bjørn Knutsen**



**Førebuing:** Bjørn førebur seg til å lesa frå Bibelen i gudstenesta.





Arne og lammet.

## Jula byrja tidleg i år ...

Å få vitja landet Israel, er som å gå rett inn i både sundagskuletimar, bibelhistorie, jul og påske samstundes! Dette var me så heldige å få oppleva i oktober, Appia, Sigmund, Arne og eg. Me hadde ti dagar på oss til å oppleva, erfara og suga til oss det landet har å by på, og det gjorde me til gagns! Med ein svært kunnskapsrik og erfaren reiseleiar, professor Magnar Kartveit som norsk guide, samt svensktalande israelsk guide, tråla me bokstavleg tala land og strand rundt frå morgon til kveld. -Ikkje late dagar akkurat, men når alt er tilrettelagt og sytt for, opplevst det ikkje som stress. Minst tre «severdigheter» for dagen, fekk me med oss.

Fyrst budde me fire netter i Tiberias ved Genesaretsjøen. Her vitja me mellom anna Ka-

pernaum, stadene for brønderet og Bergpreika, strendene der Jesus kalla læresveinane, og me var i båt på sjøen. Denne dagen var det ingen storm som trengde å bli stille, heldigvis! Store oliventre og vakre blommande busker kunne me sjå mange stader, elles var der brun sand og berg. Der det vart dyrka noko, frå vanlege landbruksvokstrar til banan, mango og daddelpalmer/tre, kunne me sjå vatnings-slangar alle stader. Det meste av avlaupsvatnet i landet, faktisk heile 93%, blir reinsa og brukt omatt. Setningane frå salme 23 om «vatn der eg finn kvile» og «grøne enger», fekk ei litt anna tyding for meg, ikkje så sjølvstøtt dette her!

Så bar det til Jerusalem, der me var dei siste 6 nettene. Her opplevde me alle dei kjende namna

og stadene frå Jesu lidingssoge og påskeforteljinga, samt tempelplassen og Vestmuren. Første inntrykk: spesielt og tankevekkande, men mykje folk, kommersialiserte stader, mykje lyd og lange køar!

Høyres det forresten uerbødig ut når eg seier at me har ete pizza på Via Dolorosa??

Alle stader me kom, las me bibeltekstane som høyrde til, og me song gjerne ein song.

Me kjende oss trygge heile tida, sjølv om me såg rikeleg av væpna politi og soldatar dei fleste stader. Bussen vår kryssa grensene mellom såkalla israelsk og palestinsk side mange gonger utan problem anna enn for den israelske guiden vår. Ho kunne som israelsk statsborgar ikkje bli med inn i palestinsk A-område, som i praksis vil seia byar som Betlehem og Nablus.



Utsikt over Betlehemsmarkene.

I Jerusalem kunne me gå trygt kvar me ville, også i Gamlebyen. Seint på kveld var det yrande natteliv i gatene i sentrum, skikkeleg artig å gå der!

Dødehavet var spesielt, med sine 400 m under vanleg hav-nivå og saltinnhald i vatnet på 30 %. Ja, sjølvstøtt bada me, og fekk oss ein skikkeleg latter over rar kjensle i saltvatnet! Men avkjølte vart me ikkje, det var direkte heite dagar!

Betlehem er juleforteljinga i praksis, men kvar var sauene og gjetarane? Det er få att av dei her no, men ein gut sto der for turistane med eit lam i armene. Lam er lam, og bonde er bonde, så Arne måtte kjenna litt på lammet! Spesielt å tenkja på at Jesusbarnet gjerne tok sine første andedrag i fjøslukt





Sigmund og Arne på Tempelplassen, med Omarmoskeen i bakgrunnen.

då han vart fødd! Mette og roleg pustande husdyr gjev ei god trygghetsskjensle, berre prøv! Så kom det eg hadde gledd meg mest til. Med utsyn over Betlehemsmarkene, fekk eg lesa Juleevangeliet for gruppa vår. Over nett desse markene lydde

englesongen om frelsaren som var fødd og om fred over jorda! I kyrkja like ved, med vakre veggmaleri frå juleevangeliet, var det stemningsfullt og heilt naturleg å syngja «Fager er jorda». Det var mange blanke auge å sjå etterpå, ei fin oppleving og



Frå kyrkja ved gjetarane sine grotter.

for meg turens høgdepunkt!

Har turen endra oss eller ført til noko?

Eg kan berre svara for meg sjølv. Men med meir kunnskap det er meir interessant og inspirerende å lesa Bibelen, og eg blir meir

merksam på når Israel eller Palestina vert nemnt i media. Turen kan anbefalast!

**God og fredeleg jul til alle!  
Eidrun Straumen Normann**





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvstilt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook! 

## Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore småbornssong, lunsjtreff og babysong på Dale og på Vaksdal torsdagar. Trusopplærar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og ein nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff, såpebobler og spruteflaske. Fleire har tatt turen innom, både i bedehuset på Dale og i konfirmantrummet i Vaksdal kyrkje. I haust har det variert kor mange som har kome, men om det har vore få eller mange under samlingane, har det vore kjekt uansett! Det er tydeleg at borna har utbytte av samlingane (og søv veldig godt etterpå...). Men eg trur òg at fellesskapet med andre småbornsforeldre er ein viktig faktor for at mange kjem att fleire gongar. Me byrjar att med slike samlingar i Dale bedehus torsdag 30.januar. Sjå meir info under «Vegen vidare».



## Generasjonssong på Helsehuset

Ein fredag i september inviterte me i samarbeid med Hege Eide Vik og prosjektet «Syngjande kommune» til generasjonssong i Helsehuset på Dale. Ein liten, men veldig eksklusiv gjeng babyar og mødre samla seg på mattene i midten av rommet, og rundt sat ein stor gjeng eldre. Saman song me ulike songar, både nye og eldre songskattar. Og som ei eldre dame sa på veg ut att: «Dette var jo kjekt, det var jo mykje meir enn berre song!» Det blei både rista på rytmeegg og blåst såpebobler, og dei eldre fekk laga bylgjer med «havet» (som eigentleg er ei florlett IKEA-gardin) over borna. Ei kjekk og minnerik stund for store og små!





## Knøttesong på Dale og Vaksdal

I haust har me prøvd oss med knøttesong for born 2-5 år på torsdag ettermiddagar, fyrst på Dale og så på Vaksdal (det har vore på same stad som dei andre songsamlingane har vore tidlegare på dagen). Fyrst har me sunge ein god halvtime, og så har me samla oss rundt bordet for å eta kvelds ilag. På Dale var det heile 28 ulike born innom på ein eller fleire av dei fem knøttesong-samlingane, veldig kjekt! På Vaksdal har det vore litt færre, men ein fin gjeng har me vore kvar gong. Fint for Kristin å møta att born som tidlegare har vore på baby- og småbornssong, og tydeleg at dei kjende att element og songar frå desse samlingane. Me heldt fram med knøttesong til våren, dette var gøy!



## Baby- og småbornssong – og kor! - i Eksingedalen

Det har vorte tradisjon å ha baby- og småbornssong i Eksingedalen kyrkje ein gong i halvåret. Så også denne gongen, andre sundagen i september. Det var utdeling av fireårsbok og seksårsbok før me gjekk ut i sakristiet og hadde ei songsamling medan dei andre heldt fram med gudstenesta. Mot slutten av gudstenesta gjekk me inn att og song nokre songar for resten av kyrkjelyden. Eit meir sjar-

merande og ivrig kor skal ein leita lenge etter! I kjølvatnet av denne gudstenesta har me hatt barnekor i Eksingedalen kyrkje ein onsdag i månaden, for born ca 3-8 år. Dette var det foreldre i dalen som tok initiativ til, og dei lagar mat som me et i starten, før Kristin leiår sjølv barnekorsamlinga. På julaftan skal koret syngja for dei andre i dalen, det gler dei seg til!







## Baby- og småbornssong på Stamnes

På Stamnes har me hatt samlingar ein måndag i månaden, der me fyrst har hatt baby- og småbornssong for alle under skulealder, litt bygd på same opplegg som dei andre samlingane me har, men med lokale tilpassingar. Deretter har det vore prat og leik og kaffi, sosialt og kjekt! Og veldig ope for at fleire kan koma frå andre stadar i kommunen!



## Utdeling av Nytestamentet på Stamnes, Vaksdal og Eidsland



To kjekke gjengar med tiåringar frå Stamnes og Vaksdal sokn fekk Nytestamentet under kvar si gudsteneste 10.november.

## Konfirmantane



Konfirmantåret 2018-2019 er godt i gong, og konfirmantane har allereie delteke på fleire ulike aktivitetar. Her er bilete frå konfir- mantpresentasjon på Vaksdal og Stamnes.



# Kva skjer på VEGEN framover?

## Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I vår som i haust vert det småbornssong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og babysong (kl. 12-13) på Dale og Vaksdal på torsdagar. Me startar opp torsdag 30.januar i Dale bedehus fyrst, og er i Dale bedehus kvar torsdag til og med 26.mars. I Vaksdal kyrkje startar me opp 16.april og har samlingar kvar torsdag til og med 4.juni. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.



## Knøttesong på Dale og Vaksdal

Me held fram med knøttesong for born 2-5 år på Dale og Vaksdal, torsdag ettermiddagar klokka 17.30-18.30. Ta gjerne med kvelds og et saman med oss mot slutten av samlinga! I Dale bedehus er me i perioden f.o.m. 30.januar t.o.m. 26.mars, på Vaksdal i perioden f.o.m. 16.april t.o.m. 4.juni. Velkomen!

## Baby- og småbornssong på Stamnes

Også etter jul vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. Me samlast i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, datoar vert annonsert seinare.

## Lys Vaken på Dale 1.-2. februar


1. til 2. februar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!

## Tårnagenthelg 25. til 26. januar

25. til 26. januar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølvsgagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.

## Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale 2. februar

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 2. februar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Denne kan dei sjølvsgagt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!



# Tankar frå trusopplæraren

I skrivande stund er det midtvegs i november. Snøen kryp nedover fjellsidene i takt med at huene kryp nedover øyrene, og butikane har hatt julevarer inne lenge allereie. Nokre (les: damer) travar rundt og stressar med å bli ferdig med gåvene tidleg, medan andre (les: menn) har ikkje peiling på kva dei skal kjøpa til kjærasten ein gong, og kjem til å gå rundt på kjøpesenteret veslejulafan med puls i 140 for å finna den perfekte gáva så dei unngår å få det skuffa «du tok ikkje hintet»-blikket.

Eg stressar ikkje så veldig med gåvene, men eg stressar litt med kva eg skal ha på meg. For det er ikkje berre hus og heim som snart skal julepyntast. Kroppane våre skal òg framhevast og gliotra i alle sine prakter...

Samstundes som dei skal fyllast med søtt og salt og feitt til glidelåsane i dei nyinnkjøpte julekleda fyk veggimellom. Det er lik som magen min eg tenkjer mest på. Den ber preg av å ikkje heilt ha funne tilbake til fast form etter tre graviditetar, sjølv om minsteventa no er sju år (SJU år!). Eg er så redd for å få spørsmål om eg er gravid, for eg synest så synd på dei som spør når eg seier nei. Dei blir så flau. Det er nesten så eg får lyst til å svara ja, berre for å unngå den pinlege situasjonen. Men det er jo mogleg det kunne blitt litt pinleg å møte dei att eit år seinare utan at noko baby er fødd i mellomtida.

Baby ja, det er jo i grunn ein baby det handlar om i jula, når eg tenkjer meg om. Ikkje min innbilte

baby, men ein baby som blei fødd for over 2000 år sidan. Som alle merka at det var noko spesielt med. Altså, alle foreldre synest jo det er noko spesielt med sine born, men den her babyen gjorde sterkt inntrykk på alle som møtte han. Han hadde himmel og håp i blikket sitt, og samstundes noko melankolsk, trist, noko. Som om han visste at han måtte gjennom noko vondt som ingen andre kunne gjera for han.

Når eg tenkjer på den babyen, er det med takk-semd og håp. Og det kjenner eg òg på når eg tenkjer på mine eigne tre, som ein gong låg i magen min. Så kvifor er eg flau av magen? Eg bør vera stolt. Det er jo noko stort, fantastisk noko, det å bli foreldre. Tenk at me var så heldige at me



fekk lov til å bli det! Eg avsluttar med eit dikt som eg skreiv ein gong, og som eg bør lesa att kvar gong eg blir flau av magen min.

Magen min er eit gjenbrukt gåvepapir ikkje rart den er prega og pløsete

Eg ser på dei tre gåvene som veks og stryk magen takknemleg

**Kristin**

# Sokneråda

Dei nye sokneråda har konstituert seg, og her er oversikta. Sokneprest Edvard Bø har sete i Stamnes og Vaksdal sokneråd, sokneprest Frode Kvamsøe har sete i dei andre.

## Bergsdalen sokn

Lise-Lotte Dahle Småbrekke, leiar og vara til fellesrådet  
Elin Mbogo-Svensson, nestleiar og kasserar  
Dan Berge, skrifvar  
Anne Hilde Fosse Osvold, representant i fellesrådet  
Kari Berge, 1. varamedlem

## Dale sokn

Brith Kydland, leiar  
Anna Pernille Stanghelle, nestleiar og skrifvar  
Lisbeth Andrea Skorpen, kasserar og 1. varamedlem  
Elisabeth Verpelstad, representant i fellesrådet  
Odd Magne Dyvik, vara til fellesråd  
Stig Henning Svensson  
Evelyn Tvedt

## Eksingedalen sokn

Björg Lavik, leiar  
Annika Brønstad, nestleiar og skrifvar  
Ole Jakob Nese, kasserar og vara til fellesrådet  
Lars Patterson, representant i fellesrådet:  
Jarand Brørvik, 1. varamedlem

## Nesheim sokn

Gøril Kvinge Nesheim, leiar  
Frøydis Gullbrå, nestleiar og kasserar  
Magnar Nese, skrifvar og vara i fellesrådet  
Unn Evelyn Gullbrå, representant i fellesrådet  
Ivar Rødland Bergo, 1. varamedlem

## Stamnes sokn

Eidrun Straume Normann,  
Monica Myster Dyvik,  
Olaug Helen Lunde Stamnes,  
Bjørn Stamnesfet,  
Anne Margrete Eikefet, representant i fellesrådet  
Rose-Marie Mo Lilletvedt  
Elke Marie Hesjedal, 1. varamedlem

## Vaksdal sokn

Grete Loftheim Dale, leiar  
Bjørn Knutsen, nestleiar  
Tormod Amundsen, skrifvar  
Oddvar Dale, kasserar og 1. varamedlem  
Odd Arild Faugstad, representant i fellesrådet  
Anders Boge, vara i fellesrådet  
Tove Margrete Nordmark

# Bokåret 2019

I Noreg feirar me i år Bokåret 2019. Det er 500 år sidan den første trykte boka såg dagens lys i landet vårt, rettare sagt kom to bøker samstundes. Dei var liturgiske bøker på latin til bruk i kyrkja.

## Trykkekunsten

Me må gå nokre år attom 1519 og nemne at første trykte boka i verda var Johan Gutenbergs trykte utgåve av bibelen, også den på latin. Johan Gutenberg levde frå 1397-1468. Han var ein gullsmid frå Mainz i Tyskland, og arbeida i mange år med å utvikle boktrykkerkunsten, først i Strassburg og så frå 1450 tilbake i Mainz. Det aller første trykket var eit fragment av ein spådomsbok, men det store verket Biblia Latina Vulgata arbeidet han med i fleire år. Det var i to bind på til saman 1300 sider. Ein reknar at det stod ferdig i 1455. Kvar side var på 42 liner og med nydelege farga illuminasjonar. Det er bevart 44 eksemplar, 12 på pergament. Dei finst i fulle eller delvise utgåver i ulike kjente bibliotek kringom i verda som i Washington, i Oxford og i St. Petersburg. Teknologien spredde seg raskt. Berre i løpet av 15 år var det trykkerier i dei fleste Europeiske landa.

Fort nytta ein boktrykkarkunsten óg til andre bøker, og skrifter. Det vart ein revolusjon frå det å skrive av bøker for hand, til å sette saman bokstavar og ord på ei trykkeplate og kunne lage hundre og tusenvis av kopiar på kort tid. No kunne ein spreie informasjon og nyhende ut til folket. Det vart særleg viktig under reformasjonen med trykking av Luthers skrifter. Før var det berre dei aller rikaste som kunne eige bøker. Sjølv ikkje alle prestane eigde eige bibel.

## Bøker i Norge

Dei første trykte bøkene i Noreg kom altså før reformasjonen kom til landet vårt. Det var erkebiskopen i Nidaros som ville sende ut trykte liturgiske bøker som prestane i heile erkebispedømet kunne nytta. Dei var Missale Nidrosiense og Breviarium Nidrosiense som vart trykka i henholdsvis København og Paris. Dette var berre byrjinga på 500 år med trykte bøker, tidningar og kulørt presse.

Den lutherske kyrkja gikk i bresjen for skulevesenet med konfirmantførebuinga. Då var det naudsynt for borna i bygd og by å lære å lese. Her gjaldt det ikkje minst katekismen med Pontopidans forklaringar som vart nytta til undervisninga i ei årrekke. Populært lært i heimane vart huspostiller og salmebøker.

**Fram mot det moderne**  
Etter 1814 utvikla det seg i Noreg med Nasjonalbiblioteket og Universitetet i Kristiania, men Henrik Wergeland starta og det første folkebiblioteket i sakristiet i kyrkja på Eidsvoll. Slik kunne allmogen få høve til å lesa bøker gratis, og biblioteka her på Vestlandet hadde bokbåtar og bussar som kunne bringe bøkene heim til folk sjølv opp i Eksingedalen. Skulen utvikla seg sjølvstendig i forhold til kyrkja. Skulebøkene gjekk i arv frå eitt klassetrinn til neste. Mange hugsar Nordahl Rolfsens lesebok, og seinare Torbjørn Egner. Korte lesetykker frå ulike deler av litteraturen. Bibelen er framleis ein av dei viktigaste bøkene me har, bokenes bok, men det i seg sjølv å kunne lese og sette seg inn i korleis folk lever i andre deler av verda og til andre tider, har stor verdi. Det er ein måte å reise på, eller leve



seg inn i draumars land og i poesien. Litteratur, klassisk og ny, er til stor glede og kan hjelpa ein til å sjå seg sjølv utanfrå. Litteraturen er ein felles arv og referansepunkt for drøftingar av alle slag i samfunnet.

## Boka lever i gamal og ny form

No er det ei ny tid. Bøkene er blitt digitale. Dei kan lastast ned på nettbrett og telefon, og lesast og lyttast til inn på øret. Du har med deg eit leksikon som du kan søkje på kvar du går. For blinde og svaksynte er det bøker som dei les med fingrane. Dette er ikkje nytt, men verdt å nemna. Me tar tinga som ein sjølvfølge. Teknologien har utvikla seg med rekordfart. Dei unge har nye måter å kommunisere på med forkortingar og symnbol. Me godt vaksne har vanskeleg for å henge med. Eg er sjøve ein bokorm som er glad i å lese bøker av alle slag.

Bokåret er der for å inspirere til framleis leselest også inn i dei komande åra. Leselyst kjem ikkje av seg sjølv. Det må lærast og vekkjast opp. Det er mykje nytt og spennande kvart år. I år var det fokus på norsk litteratur i Frankfurt. Samstundes må ein ikkje gløyme klassikarane. I kyrkja deler vi ut både Nytestament og bøker til 4 og 6 åringane så dei kan lære og bli glad i bibelhistoriane og dei fine songane. Det er ord til liv og sæle. God leselyst!

**Sokneprest Edvard Bø**



# Konfirmantjubilantar



**Konfirmert i Dale kyrkje 28. september 1958:** 1. rekkje frå venstre Eli Olaug Grøslund Nygaard, Ingrid Strømme Verpelstad, Berit Vaksdal Øvrebø, Oddveig Langhelle Straume, Aashild Berge Hestad, Marie Rolland Torgersen, Asta Sæterdal Hammer, Berit Kristin Kleven Amundsen. 2. rekkje frå venstre: Asbjørn Helle, Leif Hestad, Egil Berge, Nils Tore Hesjedal, Oddvar Faugstad, sokneprest Frode Kvamsøe



**Konfirmert i Dale kyrkje 20. september 1959:** Frå venstre Magnhild Vik, Grete L Berge, Kjell Åge Kvamme, Astrid Takvam Færås, Solveig Sæterdal Vik og sokneprest Frode Kvamsøe



**Konfirmert i Dale kyrkje 20. april 1969:** 1. rad frå venstre Helga Bergstad, Anne Grete Krogsrud Kallestad, Eva Line, Gerd Bakke, Eva Stanghelle Helgesen og Evy Wenche Hesjedal. 2. rad f.v.: Arne Gregersen, Jan Helle, Steinar Vik, Ole Einar Boge, Terje Fyllingslid, Nils Helge Hesjedal og Georg Ove Helle. 3. rad f.v.: Ingvard Charles Haug, Rune Stanghelle, Øystein Dale, Arild Johannessen, Tore Kyrkjeteig, Endre Sigurdson, sokneprest Frode Kvamsøe.



**Konfirmert i Vaksdal kyrkje 4. mai 1969:** Frå venstre Ragnhild (Sæterdal) Reite, Trygve Boge, anders Boge, Jacob Erstad, Arne Skage, Eldbjørg Boge Oma, Kari Berge, Åslaug (Tolås) Haugland, Dagfinn Ekse, Irene Olsnes Andal, Eli Rongved, Else Margrethe (Helle) Lie, Johan Audestad, Nina Olsnes Iversen.



**Konfirmert i Stamnes kyrkje 27. april 1969:** Bak frå venstre Magne Solhaug, Mary Vedaa, Eli Bjørg Leiren, Erling Stamnes, Bjørn Grøsvik, Steinar Rune Lilletvedt, Aud Dagmar Dankertsen, Rigmor Kalvik. I tillegg er årets konfirmantar med på bilete, frå venstre: Daniel Gravdal, Amalie Hesjedal Skrede, Frida Myster Dyvik, Daniel Gravdal og sokneprest Edvard Bø.

## Jolakonsert Vossa Gospel under leiing av Tom Jarle Istad Kriatiansen



**Gamle Viss kino 16. desember kl. 19.00**

Førehandsal: Fretex og Circle K

**Vaksdal kyrkje 17. desember kl. 19.00**

Førehandsal: Coop Prix Vaksdal

Billettpris kr 200,-. NB! Kun kontant betaling!

## DET SKJER I BEDEHUSA:

### Vaksdal bedehus

Storsamlingar, søndagar kl 11.00

19. januar

9. februar

1. mars

22. mars

Det er søndagsskule i bedehuskjellaren kl. 11.30 desse dagane



### Dale, Stanghelle og Stamnes bedehus

Sjå annonsar og oppslag

## Julefestar:

Vaksdal bedehus laurdag 4. januar kl. 16.00

Dale bedehus søndag 5. januar kl. 17.00

## Orgelkonsertar med Ruben Gjertsen

Dale kyrkje laurdag 30/11 kl.13.00.

Dale kyrkje laurdag 8/2 kl. 16.00

Vaksdal kyrkje laurdag 14/3 kl. 16.00



### I Dale kyrkje torsdagar kl. 19.00-20.30

Datoar:

23. januar, 20. februar, 26. mars

23. januar: Då hjem pastor Doan Trung Tin, som i store delar av sitt liv arbeidd for å fremje kristen tru blant det vietnamesiske folk, og særleg blant dei etniske minoritetane. Fleire gonger er han fengsla for dette arbeidet, og har til saman vore i fengesel i sju år grunna dette. I januar vitjar han Noreg, i regi av Stefanusalliansen, og hjem såleis til Dale kyrkje denne torsdagskvelden.

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

- Når den tid kommer...

«Nytenkende, vakkert og verdig»

Tlf. 48 29 70 33

**GJENSKINN**  
[www.gravminne.org](http://www.gravminne.org)



**Alt innan tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

[post@falkangerbygg.no](mailto:post@falkangerbygg.no)



Falkanger Bygg er forhandlar av Idehus  
Sjå [idehus.no](http://idehus.no)

## Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • [post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)



## Minnegudsteneste om ettermiddagen Nyårsaftan

Det vert minne-  
gudsteneste i Stamnes  
kyrkje Nyårsaftan kl. 16.00  
– slik det har brukt å vere  
dei siste åra.

Minnegudstenesta er for heile  
Vaksdal. Dei som har hatt gravferd  
eller bisetjing siste året vert  
særskild innbedne, og får brev om  
dette.

Men gudstenesta er for alle som  
vil koma.

# Spøtekafe i Stamnes kyrkje



**Spøtekafe:** 12 spøtarar var samla til spøtekafe i Stamnes kyrkje ein onsdag i november. Her er nokre av dei.  
(Foto: Eidrun S Normann)



## Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20  
Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no  
Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam  
Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale  
Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende  
innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen,  
og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.

## VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellesråd	
(bladpengar)	94073
Vegen trusopplæringa	51411
Vaksdal Kyrkje	137194
Dale Sokn	525329
Stamnes sokn	524776
Bergsdalen sokn	552521
Nesheim sokn	548798

## GRAVMINNER

 Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

**ATLANTIS**  
**VVS & INTERIØR**

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**S**  
**STEINRIKET**  
**DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

**ARNPRO** 

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**SÆTERDAL**  
**ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

 **VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66



**Bergsdalstunet**

Bergsdalstunet  
56 59 89 34



## SLEKTERS GANG



### DØYPTE

#### Bergsdalen

08.09 Mika Terjesen-Pettersen

#### Stamnes

01.09 Nora Malene Lamberg Simmenes

#### Vaksdal

03.11 Terje Wefring Engelsen



### VIGDE

#### Bergsdalen

19.10 Renate Elaine Antonesen og Dani Steinsland Boge



### DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

#### Dale

04.09	Aase Nygård	1959
10.09	Reidunn Meland	1934
25.09	Jan Hårvik	1939
09.10	Sønnøva Hesjedal	1924
23.10	Solfrid Hesjedal	1930
01.11	Ole Bernard Halvorsen	1930
	(gravlagt i Åsane gamle kirke)	

#### Eidsland

10.09 Oscar Alejandro Alvarez Farias 1954

#### Vaksdal

28.09 Torlaug Hisdal 1927  
11.11 Jorunn Sofie Olsen 1929

## Bergsdalen kyrkje får lysglobe

Under lysmessa i Bergsdalen kyrkje 8. desember vert kyrkja si nye lysglobe levert og teken i bruk.

Lysglobe er laga av Johannes H. Fosse, som har laga lysglobe til fleire kyrkjer i Hordaland.

Fosse - som blir 93 år dagen

etter overleveringa - har ikkje slektsrøter i Bergsdalen trass namnet, men kona hans var i praksis som lærer i dalen i si tid.

Under kyrkjekaffien etter lysmessa vil Fosse fortelje om arbeidet med lysgloben

## KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Søndag 1. desember - 1. søndag i adventstida

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Konsert med Lysmesse - innslag ved konfirmantane.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane. Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantane. Dåp. Nattverd.

### Søndag 8. desember - 2. søndag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Kvamsøe, born og unge. Nattverd. Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø, born og unge. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 15. desember - 3. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 16. Lysmesse. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 22. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

### Tysdag 24. desember - Julaftan

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 13.00. Julegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

### Onsdag 25. desember - Juledag

DALE KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Felles høgtidsgudsteneste

for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Nattverd.

Forsongarane møter kl. 11.00.

### Torsdag 26. desember - 2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida).

Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Forsongarane møter kl. 11.00.


STAMNES KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste.

Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Forsongarane møter kl. 11.00.

### Tysdag 31. desember - Nyårsaftan

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste, felles for heile Vaksdal. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Kvamsøe.



## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Onsdag 1. januar - Nyårsdag**

Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Søndag 5. januar - Kristi openberringsdag**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
 EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Søndag 12. januar - 2. søndag i openberringstida**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
 NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.  
 Kvamsøe. Dåp, Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 19. januar - 3. søndag i openberringstida**

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Vikar. Dåp. Nattverd.

**Søndag 26. januar - 4. søndag i openberringstida**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Tårnagenthelg.  
 Audestad og Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
 Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 2. februar - 5. søndag i openberringstida**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Lys Vaken-helg.  
 Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 9. februar - Såmannsøndagen**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
 Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 16. februar - Kristi forklåringdag**

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.  
 Bø. Dåp. Nattverd.  
 VAKSDAL KYRKJE kl. 17.00. Gudsteneste. Bø. Kyrkjekaffi.

**Søndag 23. februar - Fastelavnssøndag**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.  
 Bø. Dåp. Nattverd.

**Søndag 1. mars - 1. søndag i fastetida**

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste.  
 Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 8. mars - 2. søndag i fastetida**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.  
 Bø. Dåp. Nattverd.  
 NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Natt-  
 verd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 15. mars - 3. søndag i fastetida**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.  
 Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
 STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
 Dåp. Nattverd.

**Søndag 22. mars - Maria bodskapsdag**

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

*Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.*

*Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



## Bunad og stakkastovo as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*